

Ing Taule AS
Radøyvegen 1400
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/823 - 22/26733

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
05.04.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 137/532 Alver

Tiltak: Terrasse/carport og mur
Byggjestad: Gbnr: 137/532
Tiltakshavar: Runar Nestegjerde Haugen
Ansvarleg søker: Ing Taule AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.01.2022. Saka gjeld utviding av terrasse med carport under, oppføring av mindre støttemur og planering av terregn.

Etter gjennomgang av søknaden ser vi at han ikkje oppfyller krava til 3 veker saksbehandlingsfrist.


Vi beklagar sein tilbakemelding.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kart og teikningar
Tiltaka må målsetjast på situasjonsplanen og avstand til nabogrense må førast på. Planteikning av bygg og terrasse/carport må sendast inn. Det må gå tydeleg fram av teikningar og kart kva som er eksisterande og kva som er nytt tiltak.
2. Nabovarsel.
Eigar av gbnr 137/52 er ikkje nabovarsla. Varsel må dokumenterast.
3. Avstand til nabogrense
Det går fram av plan- og bygningslova at avstand til nabogrense skal vera minst 4 meter. Avstand mellom mur og nabogrense mot gbnr 137/534 er opplyst til 0,8 meter. Det må leggjast fram erklæring med samtykke frå eigar av gbnr 137/532, eller søkjast om dispensasjon frå pbl § 29-4.
4. Det må sendast inn opplysningar om tiltaket sin storleik og eigedomen si utnyttingsgrad. Standard søknadsskjema nr. 5175 – «Opplysninger om tiltakets ytre rammen» kan med fordel nyttast.
5. Avstand til offentleg leidningsnett.

Det går fram av kommunen sitt leidningskart at det går ein offentleg vassleidning og privat avløpsanlegg over eigedomen, sjå kartutsnitt.



Det går fram av «Standard abonnementvilkår for vann og avløp – administrative bestemmelsen» pkt 3.4.1 1. ledd at nye tiltak skal ha ein avstand på minst 4 meter til kommunalt leidningsnett. Når avstand er mindre enn 4 meter må det søkjast om dispensasjon frå bestemmelsen. Det er kommunen si avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning som handsamar søknaden.

Vi gjer elles merksam på at omsøkt terrasse/carport kan påverka krav til lys og utsyn frå rom i bygget si underetasje.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **31.05.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Kommunen gjer merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Runar Nestegjerde Haugen

KUBBALEITET 26

5916

ISDALSTØ

Mottakarar:

Ing Taule AS

Radøyvegen 1400

5936

MANGER